

Protokoll

Regionrådet Nordhordland – fredag 16. april

Møte: 1-2021
Tid: Fredag 16. april kl. 09:00 - 14:15
Stad: Digitalt / Teams

Til stades:

| | |
|------------------|--|
| Ordfører: | Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal) |
| Rådmenn: | Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Gjermund Hagesæter (Fedje), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy) |
| Adm: | Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Kari Evensen Natland, Tonje Husum Aarland |
| Andre: | Sak 4/21: Vegard R. Sjursen (EY), Baste Tveito (Nordhordland Næringslag), Stian Lavik (Alver) |
| Forfall: | Irene Søreide (Gulen), Atle Fasteland (Vaksdal) |

| | |
|----------|--|
| Sak 1/21 | Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 2/21 | Godkjenning protokoll møte 4-2020 Møteprotokoll frå møte 4-2020 vart godkjent utan merknadar. |
| Sak 3/21 | Nordhordland Unesco biosfæreområde – strategiplan Kari Evensen Natland presenterte strategiplan 2020 - 2024 med handlingsplan 2020 - 2022 for Nordhordland Unesco biosfæreområde (presentasjon vedlagt). Planen har vore til høyring hos kommunane og hos ulike instansar og organisasjonar, og ein ynskjer no at Regionrådet vedtar strategien. Natland informerte om prosessen som har vore i forkant av høyringa, og at det var gode og driftige møter rundt i regionen i denne fasen. <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nordhordland UNESCO biosfæreområde tilbyr eit rammeverk for kommunane, næringslivet, lag / organisasjonar og lokalbefolkninga i arbeidet for ei heilskapleg berekraftig samfunnsutvikling, på lag med natur- og kulturarven vår. Av natur er satsinga sektorovergripande og tverrfagleg. ▪ Ein er heilt avhengig av eit tett og godt samarbeid med næringslivet. Her er det god dialog med leiar i Nordhordland Næringslag. ▪ Det viktige no er korleis ein tar strategidokumentet vidare slik at det ikkje vert lagt i ei skuff. ▪ Når det gjeld organisering, er det viktig å få på plass eit fagleg råd. Administrasjonen vil koma med forslag til samansetjing til neste møte. ▪ Administrasjonen ønskjer å ha eit kontaktnett i eigarkommunane, «ambassadørar». Det er viktig med tanke på å få til god forankring og elles konkrete aktivitetar m. v. ute i den enkelte kommune. Ein ynskjer her ein dedikert person peika ut av rådmannen. Administrasjonen sender eige skriv til kommunane om dette. ▪ Nordhordland Unesco biosfæreområde er inne i statsbudsjettet for 2021 med kr 500 000. Dette takka god jobbing av tidlegare leiar i styringsgruppa Jarle Skeidsvoll. |

| | |
|----------|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er sendt søknad til Vestland fylkeskommune om ei grunnfinansiering på 0,5 mill. kr ▪ Ein jobbar med eit ambassadørprogram som skal rullast ut; «Stolt støttespiller» - ein måte bedriftene kan synleggjere at dei er ein del av Biosfæreområdet. ▪ Det vil bli laga ein populær versjon av strategiplanen som kan distribuerast rundt <p>Vedtak: Regionrådet vedtar Strategi for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde 2020 - 2024.</p> |
| Sak 4/21 | <p>Nordhordlandsrapporten Vegard R. Sjursen EY og Baste Tveito, Nordhordland Næringslag presenterte grundig Nordhordlandsrapporten (vedlegg).</p> <p>Baste Tveito informerte også kort om kraftsituasjonen framover. Den jobben som har vore gjort av Regionrådet og næringslaget saman med fylket har vore ein suksess og den kritiske kraftsituasjonen har blitt ein nasjonal sak. Statnett har gjort endringar som gir 200 - 250 megawatt tilgjengeleg frå 2026, men mykje av dette blir nok spist opp av allereie innmeldte prosjekt. Det gjer at me er avhengig av den tredje lina for å få realisert meir kraft og dermed grøn næringsutvikling. Dessverre er det slik at farten med å få på plass straum ikkje passar med farten i industrietablering. Me må derfor saman jobba for å forkorta denne prosessen slik at ikkje alle industrietablering køyrer forbi oss. Det er derfor viktig at ein jobbar for å få på plass en tredje lina. Utsetjing av nedlegging av gasskraftverket kunne gitt oss 100 megawatt inntil vidare. Ein annan moglegheit er å flytta / endra straum til offshore i tid eller stad.</p> <p>Nordhordlandsrapporten:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Regionen må forsterka sine vidaregåande skular, dei regionale skulane vert gradvis svekka, noko som er svekker rekruttering på sikt ▪ Det er lenge sidan det er bygd ny industri. Generelt er det manglande omstilling, ein er seint ute. Det framskrivne scenario viser at dersom me ikkje gjer noko, så vil det gå nedover ▪ Kampen om den nye industrien vil vera kjempehard – regional marknadsføringsstrategi må på plass ▪ Regionen har infrastruktur / industriområde med plug and play, noko som er eit stort konkurransefortrinn ▪ Ein er i ferd med å lukkast med Green spot Mongstad, men industrien må etablera klynger, det vil samla industrien mot nye markadar – og kan igjen gje grunnlag for støtte til omstilling ▪ Regionen bør ha eit godt regionalt samarbeid med eit kontaktpunkt. Rollene i regionen må bli tydelegare, kven gjer kva, korleis samarbeide på tvers av kommunegrensene ▪ Nordhordlandsmodellen? Behovet for regionnivå er veldig sterkt, her kan ein sjå til Nord Rogaland. Viktig med strategisk posisjonering der ein veit kva som skal gjerast, og kva som skal til av marknadsføring. Det er vanskeleg å få til på kommunenivå. Ein må tenkja storskala. ▪ Ein del av dei store initiativa krev mykje straum, men gir forholdsvis få arbeidsplassar, noko av initiativa kan passa betre inni landet enn på kysten <p>Dialog rundt bordet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Stian Lavik: Viktig å køyra ein god prosess på rollefordeling. Me må tenkja heilheit, men ha slagkraftige enkeltsatsingar. Ein må ha god branding av regionen for det som me ønskjer å satsa på. Det er viktig å bestemma korleis tilrådingane i rapporten skal takast vidare. ▪ Hallvard Oppedal: Veldig viktig å ha med seg analysen framover. Den er grundig, og seier mykje om omstillingane som vil koma. Det er viktig med godt samarbeid i regionen, noko samarbeidet i regionen kring kraftforsyning viser. Det må jobbast vidare med å få utsetja elektrifisering av sokkelen. Rapporten tar opp viktigheita av ansvarsforhold og organisering, bl.a. kommunane sitt ansvar. Næringslivet er flink til å omstilla seg. Ein problemstilling er at ein i plansamanheng får kritiske tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren om at ein ikkje skal planleggja for meir enn det som ligg i dag. |

- Sara Sekkingstad: Rapporten tar opp viktige spørsmål. Me må diskutera kva rolle Regionrådet skal ta og om Regionrådet har den kompetansen som krevst. Det er jobba godt av aktørar i regionen, men regionen må posisjonera og dimensjonera seg endå betre.
- Kjetil Eikefet: Dersom ting går som ein håpar, så skal sysselsettinga auka, det gir også utfordringar med å få folk til å flytta hit – og kor skal folk bu. Me må skapa det som er interessant for vår region, gjera oss attraktive – og få folk til å flytta hit.
- Per Lerøy: Regionsenteret er viktig for oss alle, det vil gagna heile regionen. Det er mellom anna Region Nordhordland Helsehus eit døme på – eit flott samarbeidsprosjekt – og som gir grunnlag for kompetansesarbeidsplassar. Det skal vera handel, vandale, utdanning og helse i regionsenteret. Me må unna kvarandre suksess, gjerne datasenter på Matre. Regionrådet bør få ein sentral rolle i å profilera oss, og Region Nordhordland IKS må organiserast slik at ein kan ta den rolla. Saman med Nordhordland Næringslag kan dei då vera ei sterk stemme utad for regionen.
- Karstein Totland. Infrastruktur som veg og kraft er grunnleggjande. Skal NVE gjera om på sine avgjersler må det handsamast politisk.
- Baste Tveito: Det er tre store hendingar framover som kan nyttast for å marknadsføra regionen – og få til litt blest framover. Det er grøn hydrogenfabrikk, oppdrett på land og Næringskonferansen på Mongstad 8. september. Her kjem fleire statsrådar og andre sentrale personar. Konferansen vil ha fokus på det grønne skiftet og dei vidaregåande skulane.
- Regionen treng eit regionalt strategisk arbeid. Den jobben som har vore gjort innan kraftforsyning i egne partigrupper har vore viktig. Viktig at dette no også vert gjort når det gjeld Klauvaneset – Vågsbotn. Snakk også om 8. september i partigruppene.

Vedtak:

Regionrådet meiner at Nordhordlandsrapporten er ein særskild viktig rapport som peikar på dei utfordringar ein står framfor i regionen i tida framover når det gjeld aktivitetsnivå i industri/næringsliv. Det vil vera kritisk å lukkast med å byggja nye arbeidsplassar i nye grønne industriar parallelt med kontinuerleg omstilling av eksisterande industri.

Imidlertid gir rapporten også signal om at industrien i Nordhordland har komparative fortrinn som låge produksjonskostnader og lågt fotavtrykk relativt sett. Nordhordland har derfor gode moglegheiter til å ta ein leiande posisjon i denne omstillinga, men for å lukkast med å ta ein slik posisjon vil det vera ei forutsetjing å ha felles strategi og målbilete for ny verdiskaping i regionen, og klare føringar og forpliktande samarbeid mellom det offentlege og private.

Regionrådet vil vera tydeleg på at det er særskild viktig å fylgja opp rapporten og å vera pro aktiv i dette arbeidet, og Regionrådet ber administrasjonen saman med Alver kommune og dagleg leiar i Nordhordland Næringslag føreslå medlemmer til eit utval som skal fylgja opp det som kjem fram i rapporten i tida framover.

Utvalet bør bestå av representantar frå:

- Alver kommune / kommunane rundt Fensfjordbassenget, både politisk og administrativt
- Ein til to representantar frå dei andre kommunane (som har andre utfordringar)
- Daglege leiarar i Region Nordhordland IKS, Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest. Representantane frå næringsvida må ha tett dialog med andre næringslag m.v. i regionen.

Regionrådet ber administrasjonen koma tilbake med forslag til endeleg samansetjing av utvalet, mandat, økonomi m.v. for utvalet til neste møte i Regionrådet.

| | |
|----------|---|
| Sak 5/21 | <p>Interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland Planprogrammet er på høyring og frist er 10. mai. Arbeidsgruppa og leiar av det interkommunale planforum Hallvard Oppedal presenterte planprogrammet for planforum tysdag 13 april. Der fekk ein gode tilbakemeldingar og skryt for tidleg involvering av ulike instansar. Planforum meinte at ein er på rett veg med planlegginga, særleg at dei ulike etatane som inngår i den regionale referansegruppa er med tidleg i prosessen.</p> <p>Hallvard Oppedal understreka at arbeidsgruppa har gjort ein kjempejobb til denne tid.</p> <p>Ein har no starta arbeidet med faktagrunnlaget. Det er sendt ut anbudsforespørsel til fem aktuelle selskap med tanke på å kjøpa ein ressurs som kan bidra til utarbeiding av eit faktagrunnlag. Ressursen må ha god oversikt over fagfeltet og kunne jobba dynamisk og i team. Det er sendt søknad til Statsforvaltaren om skjønsmidlar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p> |
| Sak 6/21 | <p>Nordhordlandspakken, vedtak i Alver kommune om å gå vidare med å innføra 3-timars regel Sara Sekkingstad informerte kort om formannskapsvedtak om å innføra 3-timars regel i Nordhordlandspakken. Grunngevinga er å redusera bompengebelastninga for småbarnsforeldra.</p> <p>Vedtak: Regionrådet viser til utgreiinga frå Vestland fylkeskommune knytt til 3-timarsregel i Nordhordlandspakken i tidsrommet 17:00-20:00. Alver kommune har i ettertid gjort formannskapsvedtak om at dei ønskjer å letta bompengebelastninga i Nordhordlandspakken mellom kl. 17:00 - 20:00 der hovudgrunnen er å letta konsekvensane for føresette som må passera bomstasjonar for å køyra og henta born på fritidsaktivitetar. Regionrådet støttar vedtaket til Alver kommune, og ber Vestland fylkeskommune setja i gong eit arbeid for å innføra ein 3-timarsregel i Nordhordlandspakken.</p> |
| Sak 7/21 | <p>Smak av Nordhordland. Orienteringssak Kari Evensen Natland orienterte om Smak av Nordhordland (rapport vedlagt). Prosjektet er ferdig, men det er eit stort ønskje frå mataktørar m.v. om at ein fortsett på ein eller annan måte, og her ønskjer ein kommunane med på laget. Det er omlag 26 verksemdar som er moden for å delta vidare i eit formelt samarbeid – eit bedriftsnettverk.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p> |
| Sak 8/21 | <p>Årsmelding om sekretariat for kontrollutval 2020. Orienteringssak Tonje Husum Aarland informerte om årsmelding sekretariat for kontrollutval 2020 (vedlegg).</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p> |
| Sak 9/21 | <p>Diverse info frå administrasjonen Rune Heradstveit informerte kort om diverse arbeid i administrasjonen. Nordhordland Utviklingsselskap IKS har no formelt endra namn til Region Nordhordland IKS. I neste møte vil det vera aktuelt å orientera litt meir om arbeidet med Digitalisering og innovasjon samt om status for reiselivet sett i lys av Covid-19. Vidare orienterte Heradstveit om status for Region Nordhordland Helsehus, bl.a. for innflyttingsprosessen av leigetakarane.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p> |

| | |
|-----------|--|
| Sak 10/21 | Meldingar og eventuelt |
| | <p>Høyring om energieffektiviseringsdirektivet artikkel 14.5. Kjetil Eikefet tok opp ein effekt han har sett av energieffektiviseringsdirektivet artikkel 14.5, og kva dette vil bety for kommunar som ikkje har ein industri som er «av betydning» der ein kan bruka spillvarme frå t.d. eit datasenter. Kva vil dette bety for småkommunar i distriktet. Dersom det er krav til å utnytta spillvarme og ein ikkje klara å lokke anna industri til kommunen, vil ein då oppleve at ein ikkje får godkjenning til å byggja sjølv om fordelane er større enn ulempene?</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber administrasjonen ta initiativ til eit møte med Vestland fylkeskommune som er høyringspart i saka.</p> |
| | <p>Museumsmagasin i Nordhordland Karstein Totland har fått spørsmål om status for museumsmagasin i Nordhordland. Felles magasin i «Hordaland» har vore tema i Museumssenteret i Hordaland. Leiar av Museumssenteret vert invitert til neste møte.</p> |
| | <p>Møteplan vår/haust 2021 Neste møte er måndag 14. juni. Det er då aktuelt å invitera Skyss, Museumssenteret Hordaland, Visit Bergen til møtet.</p> |

Knarvik, 16. april 2021



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

- Sak 3/21 Presentasjon Nordhordland Unesco biosfæreområd
- Sak 4/21 EY – kunnskapsgrunnlag Nordhordlandsrapporten
- Sak 7/21 Rapport – Smak av Nordhordland
- Sak 8/21 Årsmelding 2020 Kontrollutvalssekretariat og presentasjon
- Sak 9/21 Status Region Nordhordland IKS og Region Nordhordland Helsehus IKS